

Referat frå møte i Fitjar sokneråd 04.11.21

Desse møte: Jan Overweg, Roald Drønen, Svein Lunde, Sigrid Marie Fangel, Tom Rydland, Håkon Rydland Sæbø, Aase Rygg H. Nøttveit, Karin Maria Korsvik, Sigurd Andre Maarås, Anne Marie Røed. Desse har meldt forfall: Wenche Andersen Helland og Herman Inge Aadland.

Sak 2021/64

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.

Sak 2021/65

Referat frå sist møte

Vedtak: Soknerådet stadfestar referatet frå møtet 14.10.21

Sak 2021/66

Visitaprogram og arbeid med visitasmelding.

Endring av visitasprogram. Sjå vedlegg.

Merknad til programpost onsdag 1.12.21 kl.14.15

Dei som arbeider i skolehelsetenesta bør og inviterast til møtet med biskopen der temaet er « Livsmeistring og tru.» Soknepresten tar dette opp med skolesjefen.

Drøfting av visitasmeldinga.

Soknerådet sluttar seg til visitasmeldinga. Det er gjort eit grundig arbeid med innhald, struktur og språkføring.

Stor takk til Herman Inge Aadland og Roald Drønen.

I soknerådet kom det fram nokre presiseringar.

Side 4: Avsnitt 2 er retta til : I tillegg til sokneprest har Fitjar kyrkjelyd hatt eigen kyrkjelydsprest dei fleste åra frå 1991 til 2018. Denne har vore løna delvis av kyrkjelyden. Kyrkjelydspreststillinga vart avvikla av soknerådet hausten 2018, då stillinga som kyrkjelydspedagog vart utvida frå 50% til 80%. (I denne rettinga gjeld og side 11 og side 25 der det står om kyrkjelydspreststillinga.)

Merknad til punkt 3 – **Sosiale tilhøve:** Ikkje alle har det godt i Fitjar grunna t.d. økonomiske problem, helseproblem og kjensle av utanforskap. Mange unge slit med å finna sin plass.

Side 5: Næringsliv – den første setninga i avsnitt 2 er kutta ut. Den neste setninga er retta til: Oppdrettsnæringa har vist stor vekst.

Side 8: Klokkarstillingar: Den siste setninga er kutta ut.

Side 9: Det åndelege livet i kyrkjelyden – endring i første avsnitt: Fitjar kyrkjelyd er samansett. Cirka 2500 er medlemmer av kyrkja.

Omtalen av temakveldane bør vera meir utførleg. I over 30 år har det vore temakveldar i Fitjar der tilbakemeldingane har vore svært gode både i media og frå folk i Fitjar og nabokommunane. For dette arbeidet er det gitt to prisar, kultur – og frivilligprisen.

Side 16: Diakoni – diakoninemnda har årlege samlingar med kåseri og sosialt fellesskap for besøksvenene. Diakoninemnda arrangerer «Open kyrkje» ca. ein gong pr. måned. I sommar har ein frå diakoninemnda kvar veke invitert til kaffi, sjokolade og drøs på kyrkjegarden. Tilbodet har vore godt mottatt.

Side 18: Roald Drønen skal undersøkje om der er, og i tilfelle kven som er **bibelkontakt og KN – kontakt.**

Side 21: Kyrkjegarden: Retting i første linje. Det skal stå: Fitjar har berre ein gravplass som er i bruk. 3. avsnitt – Siste setninga i avsnittet skal strykast: «Framleis er deler av lydanlegget til streaming i privat eige».

Sak 2021/67: Høyring om ny kyrkjeleg organisering. Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Sak 2021/68: Meldingar/ open post.

- Neste soknerådsmøte torsdag 18. nov. kl.18.30
- Referat frå sist styremøte i barnehagen ved styreleiar Tom Rydland.
- Barnehagen driv godt. Tilsette ynskjer å vera med på juleavslutninga.
- Strateginemnda legg fram forslag til vedtak 18.nov.

Sak 2021/69: Val av soknerådet sin representant i samarbeidsutvalet for barnehagen. Vedtak: Aase Rygg H. Nøttveit.

Ref. Anne Marie Røed

Vedlegg: Program for visitas i Fitjar sokn

1. PROGRAM FOR VISITAS I FITJAR SOKN

30. NOVEMBER – 2. DESEMBER OG 5. DESEMBER 2021

Tysdag 30.11

19.30 Kyrkjelydsfest i kultursalen (Fitjar kultur- og idressbygg)

Onsdag 01.12

09.30 Skulegudsteneste, barneskulane i kommunen

10.30 Spørjetime med elevane i 8. klasse

11.45- Lunsj og møte med kommunen, ordførar, varaordførar,
13.15 rådmann, økonomisjef, etatsjef for oppvekst og kultur og helse og omsorg, sokneprest, kyrkjeverje, soknerådsleiar og biskop med fylgje

14.15 Møte med lærarar og administrasjon med temaet «Livsmeistring og tru»

15.00 Møte med konfirmantar

16.00 Lunsj på hotellet

17.00 Engesund Visningscenter - middag med historisk foredrag

Torsdag 02.12

09.00 Møte med soknepresten

10.00 Møte med prestane i Sunnhordland prost

12.00 Lunsj

12.30 Møte med staben

15.30 Middag i Dåfjorden

18.00 Møte med soknerådsleiar

18.30 Samrådsmøte med sokneråd, stab og leiarar i nemnder

Søndag 05.12

11.00 Visitasgudsteneste med nattverd

Visitasedrag etter kyrjekaffi

Takk og avslutning!